



Golvet vart teke i bruk då dei skulle illustrera saga om den bortkomne sonen

I dag er det laurdag. Likevel er det sundagsskule på bedehuset og slik har det vore i 3 år. Leiar og eldsjel Nelly Kjærland utelukkar ikkje at dei vil gå attende til sundagsskule på sundag, men førebels er saka uavklart. Inntil vidare held ho fram med marknadsføring under slagordet Laurdagsskule pluss graut er sant.



Eldsjel Nelly leiar songen

- Kvifor laurdagsskule og kvifor graut?
 - Vi hadde så dårleg og sterkt svingande frammøte
 - mellom 2 og 12 - og måtte freista eit tiltak for å auka det. Vi trudde at det kanskje kom fleire frå familieane, til dømes besteforeldre og andre slektningar og fadderar, hvis vi flytta sundagsskulen til laurdag og la til den tradisjonelle laurdagsgrauten. Men det stemte ikkje. Frammøtet er like svakt som før sjølv om vi har med Herøysund. I dag er det berre 6, 2 frå Uskedalen og 4 frå Rosendal, seier Nelly som i og for seg ikkje ser noko prinsipielt hinder mot å ha sundagsskule på laurdag.

I dag var soga om den bortkomne sonen ein hovudpost på det halvannan time lange programmet. Ho vart presentert av to gjester frå Ølen som arbeider for Normisjonen og som også deltek i 2 andre møter her i bygda i helga. Liv Herborg og John Birger Wold syntre stor evne til å gjera bibelsoga levande og både unge og eldre let seg inspirera.

Og grauten var sjølvsagt eit anna høgdepunkt, kokt av Torunn og Aud.'

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Og til slutt kom grauten...